



Til alle skuleeigarane i Hordaland

Spørsmål til skuleeigar - Psykososialt skulemiljø, kap. 9A i opplæringslova

Deloitte har på vegne av Utdanningsdirektoratet fått i oppdrag å evaluera lovendringane i kapittel 9A i opplæringslova. Fylkesmannen i Hordaland har blitt spurd og har takka ja til å delta i dette arbeidet. Denne evalueringa skal gje eit kunnskapsgrunnlag for eventuelle endringar i lovverket.

Fylkesmannen i Hordaland treng informasjon frå skuleeigarane i fylket i samband med dette. Vi har oversikt på alle saker som er melde til oss som handhevingsmynde, men vi har mindre kjennskap til korleis skuleeigar er involvert og informert i saker som *ikkje* vert meldt til Fylkesmannen. Vi ber difor om ei kort tilbakemelding på to spørsmål:

- *Har kommunen/fylkeskommunen/private skuleeigarar oversikt eller kjennskap til kor mange aktivitetsplanar, jf. opplæringslova § 9 A-4 sjette ledd, som har blitt skreve på den enkelte skule?
I så fall, kor mange og på kva skular?*
- *Er det nokon skular som ikkje har utarbeidd aktivitetsplanar?
I så fall, har skuleeigar vurdert kvifor?*

Dette gjeld saker der Fylkesmannen *ikkje* har vore involvert som handhevingsmynde.

Vennlegast send svar innan 15. oktober til fmhopostmottak@fylkesmannen.no, merk svaret med sak 18/10090.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Grethe Fjeld
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.